

PROSJEKT ØVRE STORDAL  
STORDAL SOGELAG VED STYRET  
Kontaktperson: Styreleiar  
EINAR J. HOVE  
HOVSLIA, 6250 Stordal Telefon: 70278168  
Mobil: 91898650 Fax: 70278305  
Epost: einar.hove@c2i.net



Stordal, 26. august 2006

# PROGRAM FOR LANGSÆTERDAGANE 2006

Sett av dagane 1. – 2. – 3. september  
DISSE DAGANE MÅ DU IKKJE GÅ GLIPP AV

Programma for alle dei tre dagane er no ferdig og hovedoversikta følger her. Det blir mykje interessant å vere med på alle dagane. Her skisserer vi med en viss detaljeringsgrad programma for dei tre dagane. Det blir laga spesielle programoversikter for kvar enkelt av disse dagane. Disse blir utdelt på den aktuelle dagen. På side 4 følger foto / kart frå Langsæterområdet, Stordal og omliggende bygder.

## HOVEDMÅLSETTINGANE FOR LANGSÆTERDAGANE 2006

- På ein støl må det vere dyr. Dette vil vi fokusere på så godt som muleg.
- Barn, unge og dyr høyrer godt saman. Vi vil fokusere på mange interessante programpostar for barn, unge, skuleklasser og andre slike grupper.
- Vi ønsker representantar frå alle hestemiljøa spesielt velkomne. Hester og hesteaktiviteter passer godt inn alle dagane. Sjå spesielt programmet for 2. september.
- Vi vil formidle kultur, historie og kunnskap om stølslivet og anna frå eldre tider.
- Vi vil bidra med spennende og lærerike programposter både for yngre og eldre.
- Vi ønsker besøk over fjellet frå nabobygdene våre. Ellers er alle velkomne frå nær og fjern også

**God lokal mat blir sèrvørt laurdag og sundag av aktørør frå bygda.**

## TROLLKYRKJEGARDSDAGEN, FREDAG 1. SEPTEMBER.

- Dette er møtedagen på Trollkyrkjegarden inne på fjellet mellom bygdene Stordal, Valldal, Innfjorden, Måndalen og Tresfjord. Sjå foto/kart side 4 her.
- Tur – friluftsfolk, skuleklasser, pensjonistgrupper, sogelagsgrupper, hestemiljø og andre møtes då på Trollkyrkjegarden
- Det vil bli arrangert turer inn til Trollkyrkjegarden frå dei omliggende bygdene. Ta del i den av disse turane som du synest mest interessant!
- Det vil bli orientert om fornminner, kulturminner, geologi, biologisk mangfold / planter – fugler osv frå fjellområda mellom omliggende bygder
- Spesialprogram for skuleklasser blir sett opp  
**FAST PROGRAM BLIR SETT OPP – SET AV HEILE DAGEN – START TIDLEG!**
- Alle er hjarteleg velkomne til denne FRILUFTSDAGEN og dagen for møte mellom grannebygdene slik det var i eldre tider.

# **KVITLANEDAGEN ( STØLSDAGEN )**

## **LAURDAG 2. SEPTEMBER**

Programma starter Kl. 10.00 – Ver ute i god tid. Du blir invitert til å sette igjen bilen i Overøye og delta i ein turmarsj på 1 km med premier. Start gjerne frå Overøye Kl. 09.00 – 09.30 Dette er Opplevings- og Læringsdagen på Kvitlane-stølen og ved elva. Programmet for denne dagen blir delt i tre store hovedposter: **PÅ SJØLVE STØLEN**; Ei mengd enkeltprogramposter som vi her kort refererer:

- Ysting av ost, kjenning av smør, koking av søst / mysebrøm / dravle osv. Det vil bli servert smaksprøver, gamaldagse karameller, sveler, vafler og anna
  - Handarbeitsgruppe vil vere i sving og vise framgangsmåter og gjenstander.
  - Omfattende visning av gamle barneleikar – barna deltar og lærer.
- ### **BØNDENES TORG**
- Her blir tilbuddt for salg en masse varer.  
MAT;
  - Mat blir servert i tråd med dei beste lokale mattradisjonar av lokale tilverkarar

**NEDE VED ELVA** vil foregå interessante aktiviteter, som her kort refereres:

- Gullgravarleiren – det vil bli funne gull! – for dei som er først ute.
- Mineralogi og biologisk mangfold v / spesialister
- Rafting, elvepadling og andre elveaktiviteter
- Vikingeleir med bueskyting
- Knivsmeden og andre gamle handtverkstradisjoner blir vist
- Spikking med kniv og svar på: kva er eit gangbein

**Ovanstående aktiviteter vil prinsipielt vere avslutta Kl. 14.00. Då starter hesteopptøget ved Kvitlanebrua.**

**HESTEMILJØA** presenterer seg i eit omfattande program

### **HESTAR PÅ SÆTERSTEMNE – LANGSÆTRANE I STORDAL**

Hesteaktivitetane skal gå føre seg laurdagen den 2. september i tida 1400 til 1600.

*Mange av dei sentrale hestekarane frå Den Store Hesteferda 2004 deltek*

Frå programma set vi her opp i stikkordsform:

#### **1. Opptog med start Kl. 14.00 frå Kvitlanebrua av:**

- Køyrande hestar og vogner med folk og utstyr som skal til fjells.
- Folk som rir til fjells og folk som kløvjar til fjells
- Folk som leier hestar til sommarbeite i fjellet
- Hestehandlarar som legg vegen innom sætra

#### **2. Etter opptøget, på Kvitlanegjerdet blir det vist fram hesteaktivitetar så som:**

- Påseling av hest, spenne hest til vogn, køyring, stopp og avseling
- Oppsaling av ridehest, oppstiging til hest, riding, stopp og avsaling
- Pålegging av kløv, festing av diverse kjerald til kløva, kløvjing med ein og to hestar, stopp og avlessing av kløva.
- Samanbinding i rekkjer av hestar på hestehandlarvis
- Omtale av dei hesterasane som tek del i arrangementet
- Køyring av høy, ved eller stein på slede, sætrearbeid
- Hovrøkt, omlegging av sko
- Barneridning

Det vil bli teke film og foto for dokumentasjon og seinare visning

## **PUSKENDAGEN, SUNDAG 3. SEPTEMBER**

### **Gudstjeneste og Underholdningsdagen**

Programmet starter Kl 11.00 med gudstjeneste.

Du blir invitert til å sette igjen bilen i Overøye og ta en fin spasertur/turmarsj fram gjennom Trongstelia ca 1,5 km. Vi tilrår å starte frå Overøye Kl.10.00 – 10.30.

Ved starten av turen står det nye informasjonsbygget til Stordal Sogelag.

Dette er dagen for Gudstjeneste og med gode underholdningsinnslag

- **GUDSTJENESTE** og

Stordal Hornmusikk spelar også til salmesongen og bidrar ellers med separate innslag.

Prost Øystein Kjølberg held gudstjenesta.

#### **MATSERVERING**

Etter gudstjenesta blir det servert mat; varm mat, kaffi og kaker frå dei lokale tilbydarane Holt Gardsmat og Nilsgardstunet.

Denne mat – og pratepausen reknar vi frå Kl. 12.00 – 13.00

- Heretter blir det to fine underholdningssekvenser ved:

- **EI MUSIKERGRUPPE** -

#### **Intermezzo – jazz og anna**

- Trompet Lars Petter Vaagnes

- Gitarist Kurt Sagen

Disse vil dels spele saman med songarar og musikergrupper frå Stordal og dels framføre fleire separate nummer. Dette blir eit interessant opplegg som vi gler oss virkelig til. Dei som skal delta saman med Intermezzo frå Stordal, blir Stordal Hornmusikk, Maria Holand Tøsse, Marita Reite Wiik og Per Magne Øvrebust.

- **EI SONGGRUPPE** -

#### **Songgruppa Infinity**

Denne gruppa består av 6 damer og ein leiar; Inger-Trine Godø, Siv Nygaard, Gro Kibsgaard-Petersen, Monica Isaksen, Marianne Klokk Fremstad og Bente Wangensteen Eidskrem, og musikalsk leiar Hallvard Fremstad på keyboard/synth. Denne gruppa hadde stor suksess med stappfulle hus i Teaterfabrikken i Ålesund med eit svært variert program. Dei vil garantert få stemninga opp på Puskenstølen denne dagen. Her får du ei stor oppleving.

**SAMTIDIG** med underholdningsinnslaget vil det bli anledning for barn og unge å **PRØVERI NEDERST PÅ STØLEN!** ( Dei høyrer ellers underholdninga ) Dette var svært populært i fjor sommar og nokre av dei garva hestekarane frå Den Store Hesteferda 2004 vil tilby ridning for barn og unge på denne dagen.

Foreldre! Gi barna dine ei oppleving på hesteryggen med topp musikk i bakgrunnen på denne dagen.

TIL HØGRE KART OVER  
DET SENTRALE  
LANGSÆTEROMRÅDET.

MIDT PÅ SIDA FOTO  
OVER LANGSÆTER-  
OMRÅDET.

NEDERST EIT  
OVERSIKTSKART FOR  
STORDAL MED  
OMLIGGANDE BYGDER.

